

Anette Thorsheim

nedstilt



Kjære lyttar,

Takk for at du har kjøpt denne plata. Eg har spelt inn eigne variantar av springarar etter ulike kjelder i Vestland + nokre låtar eg har laga sjølv.

Eg spelar det instrumentet eg litt misvisande framleis kallar toradar. Dei to ytste radene har dei same tonane som ein vanleg toradar har. Når eg ville spela låtar som vanlegvis vert spelte på fele, definerte det nokre nye behov, så eg skaffa meg etter kvart ei heil ekstra rad med

tonar. I tillegg har eg atten bassar i venstrehanda.

Dei fleste låtane på denne plata vert spelte på nedstilt bass på hardingfele (felestille G-D-A-E). Eg er særleg glad i låtar på nedstilt for tida, og eg spelar dei her i G på A/D-instrumentet mitt eller i F på G/C. Der trur eg dei likar seg ganske godt. Og eg hadde likt å koma ut og spela til dans igjen. Sjåast der!

/Anette Thorsheim

OM MUSIKKEN

01 SPRINGAR ETTER LARS RONGVED 1 (TRAD.)

Denne springaren har eg både etter ei noteoppskrift frå folkemusikkarkivet Arne Bjørndals samling (ABS) ved Universitetet i Bergen, og etter platta Nordhordlandsslåttar 3 (Osterøy) med Silje Solberg, hardingfele. Dette plateprosjektet dokumenterte notar frå ABS på plate, og er det tredje i rekka med musikk etter kjelder i Nordhordland. Lars Rongved (1852-1931) spelte hardingfele.

02 SPRINGAR ETTER GUDMUND EIDE (TRAD.)

Denne fine låten har vore med meg ein del år. Eg har lært han etter platta Nordhordlandsslåttar 2, der hardingfelespelar Frank Rolland, saman med Einar Mjølsnes og eg, spelte inn låtar oppskrivne m.a. etter Gudmund Eide (1848-1919) frå Eksingedalen (hardingfele). Dette skal vera ein variant av Jørn-vrengja.

03 RUDL TIL HELGA

Eg kører diverre mykje bil, men noko som er bra med det, er at det plutselig kan koma til ein og annan låt slik, eg syngande over motorbordunen. Helga er forfatar og illustratør Helga Gunerius

Eriksen, som eg samarbeider med i ulike prosjekt. Frå før heitte låten Vart sola heilt borte no, i førestillinga vår Vi bygger om.

04 HERR ERLEND

Dette er også ein låt som har bytta namn. Då søstersonen min Erlend vart fødd med eit hol i hjarta, fekk han litt framdrift med denne marsjen – og ein fantastisk innsats frå velferdsstaten Noreg.

05 SPRINGAR ETTER PEDER STRAUMEN (TRAD.)

06 SPRINGAR ETTER HERMANN STRAUMEN OG PEDER STRAUMEN (TRAD.)

Desse to springarane har eg etter hardingfelespelar Vidar Underseth på plata Sommarkveld i Solund. Underseth tok her for

seg m.a. noteoppskrifter i ABS frå kjelder i Solund. Desse låtane på nedstilt bass etter Peder Straumen (1854–1944) og Hermann Straumen (1893–1965) måtte eg berre spela! Den andre låten skal også vera ein variant av Jørn-vrengja.

07 SPRINGAR ETTER OLA MOSAFINN 1 (TRAD.)

Denne springaren har eg lært meg etter eit opptak med hardingfelespelaren Ola Mosafinn (1828–1912) frå Voss.

08 SIRKUS SIGNE

Av ei søsterdotter kan ein læra seg mykje, både om seg sjølv og om andre.

09 SLEKTNING

Denne rudlen er truleg i slekt med Rudl til Helga. Frå nok ein biltur langsmed fjordane.

10 SPRINGAR ETTER

OLA MOSAFINN 2 (TRAD.)

Denne springaren finst oppteikna ved ABS. Han er på trollstilt felestille (F-C-A-E). Første gong eg høyrdé låten var det Ingrid Standal Sørheim som spelte.

11 SPRINGAR ETTER

LARS RONGVED 2 (TRAD.)

Denne springaren har eg både etter ein note frå ABS, og etter plata Nordhordlandsslåttar 3 (Osterøy) med Silje Solberg på hardingfele.

12 GLØD

Ein ridemarsj til hestejenta Ester (som helst galopperer).

13 SPRINGAR ETTER

LARS RONGVED 3 (TRAD.)

Denne springaren har eg også både etter ein note frå ABS, og etter plata Nordhordlandsslåttar 3 (Osterøy 2020) med Silje Solberg på hardingfele.

14 MOT

Ein marsj til Isak, som er den eg kjenner med det største motet.

15 RUDL ETTER

KARL ØVRETVEIT (TRAD.)

Karl Øvretveit (1891-1984) var frå Lindås og spelte hardingfele. Hausten 2001 ringde eg til dottera Elbjørg Møllerup i

Øygarden for å få kopi av opptak etter faren ved ABS. Elbjørg fortalte at ho hadde fleire opp-tak liggande heime, og inviterte meg på besøk. Sidan den gongen har både Karl, Elbjørg og søstera Sigrun Øvretveit vore viktige for meg. Det var også låtar etter Karl eg fordjupa meg i i masterprosjektet mitt ved Høgskulen i Telemark (2004-2007).

16 UNDRING

Desse frasane kom til meg ein gong eg køyrd igjennom Fløyfells-tunnelen i Bergen. Sporet er tileigna ein fin ven som har angst for tunellar, men som likevel tvingar seg igjennom dei.

Dear listener,

Thank you for buying this album. I have recorded my own variants of springar tunes after various sources in Western Norway + some tunes I have written myself.

I play an instrument that I somewhat misleadingly call toradar (two-row diatonic button accordion). The two outermost rows have the same notes as a standard toradar. When I wanted to play tunes that are normally played on fiddle, this established some new needs, so I eventually got myself a whole extra row of buttons. I also have 18 bass buttons on the left-hand side of the accordion.

Most of the tunes on this album are played in nedstilt bass tuning on Hardanger fiddle (the fiddle tuning G-D-A-E). I am particularly fond of tunes in this tuning at the moment, and on this recording I play them in the key of G on my A/D instrument or in F on my G/C accordion. I think they quite like to be played in these keys. And I would like to get out and play for dance again. See you there!

/Anette Thorsheim

ABOUT THE MUSIC

01 SPRINGAR ETTER LARS RONGVED 1 (TRAD.)

I learned this springar from a transcription found in the folk music archive known as the Arne Bjørndal Collection (ABS) at the University of Bergen, and from the album Nordhordlandsslåttar 3 (Osterøy) by Silje Solberg, Hardanger fiddle. The Nordhordlandsslåttar recording project documents transcriptions from ABS on record, and this is the third album containing music after sources in Nordhordland. Lars Rongved (1852–1931) played Hardanger fiddle.

02 SPRINGAR ETTER GUDMUND EIDE (TRAD.)

This fine tune has been with me for a number of years. I learned it from the album Nordhordlandsslåttar 2, on which Hardanger fiddler Frank Rolland, together with Einar Mjølsnes

and myself, recorded tunes transcribed after the playing of Gudmund Eide (1848–1919) from Eksingedalen (Hardanger fiddle), among others. This is a variant of the tune “Jørn-vrengja”.

03 RUDL TIL HELGA

I unfortunately drive a lot, but one good thing about this is that tunes can suddenly come into being while I'm singing over the motor drone. “Helga” is author and illustrator Helga Gunerius Eriksen, whom I collaborate with on various projects. This tune is also called “Vart sola heilt borte no” in our performance “Vi bygger om”.

04 HERR ERELND

This tune has also had its name changed. When my nephew Erlend was born with a hole in his heart, this

march – and a fantastic effort from the welfare state of Norway – gave him a little momentum.

**05 SPRINGAR ETTER
PEDER STRAUMEN (TRAD.)**

**06 SPRINGAR ETTER HERMANN STRAUMEN
OG PEDER STRAUMEN (TRAD.)**

I learned these two springar tunes from a recording of Hardanger fiddler Vidar Underseth on the album Sommar-kveld i Solund. For the recording, Underseth used transcriptions of sources from Solund found at ABS, among other things. I simply had to play these tunes in nedstilt bass tuning after Peder Straumen (1854-1944) and Hermann Straumen (1893-1965)! The second tune is also a variant of the tune "Jørn-vrengja".

**07 SPRINGAR ETTER
OLA MOSAFINN 1 (TRAD.)**

I learned this springar from a recording of Hardanger fiddler Ola Mosafinn (1828-1912) from Voss.

08 SIRKUS SIGNE

You can learn a lot from a niece, both about yourself and others.

09 SLEKTNING

This rudl tune is probably related to "Rudl til Helga". From yet another car trip along the fjords.

**10 SPRINGAR ETTER
OLA MOSAFINN 2 (TRAD.)**

A transcription of this springar tune can be found at ABS. It is played in trollstilt fiddle tuning (F-C-A-E). The first time I heard the tune, it was Ingrid Standal Sørheim who was playing.

**11 SPRINGAR ETTER
LARS RONGVED 2 (TRAD.)**

I learned this springar both from a transcription from ABS, and from the album Nordhordlandsslåttar 3 (Osterøy) with Silje Solberg on Hardanger fiddle.

12 GLØD

A riding march for the horse girl
Ester (who prefers to gallop).

13 SPRINGAR ETTER

LARS RONGVED 3 (TRAD.)

I also learned this springar both
from a transcription from ABS, and
from the album *Nordhordlandsslåttar 3*
(Osterøy) with Silje Solberg on
Hardanger fiddle.

14 MOT

A march for Isak, who has the
greatest courage of anyone I know.

15 RUDL ETTER

KARL ØVRETVEIT (TRAD.)

Karl Øvretveit (1891-1984) was from
Lindås and played Hardanger fiddle.
In autumn 2001 I called his daughter,
Eldbjørg Møllerup, in Øygarden to
obtain a copy of recordings of her
father that were housed at ABS.
Eldbjørg told me that she had several

more recordings lying at home, and
invited me to visit. Since that time,
both Karl, Eldbjørg, and her sister
Sigrun Øvretveit have been important
to me. I also immersed myself in
tunes after Karl in my master's
project at Telemark University
College (2004-2007).

16 UNDRING

These phrases came to me one time
when I was driving through the
Fløyfjell Tunnel in Bergen. The track
is dedicated to a fine friend who is
anxious about tunnels, but who still
forces themselves to go through
them.

TA2436D